

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Gjemnes kommune  
Kristiansund kommune  
Molde kommune  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Statens vegvesen

Vår ref.: 2013/185 -0- 843/2013 ERE    Dykkar ref.:

Dato: 28.01.2013

## **Oppstart kommunedelplanarbeid - Nytt akuttsjukehus for Nordmøre og Romsdal**

Arbeidet med utviklingsplanen for Helse Møre og Romsdal nådde ein viktig milepål 13. og 14. desember 2012. Etter ein intensiv og krevjande prosess, konkluderte styret i Helse Møre og Romsdal HF med at ein skulle legge eit akuttsjukehus til grunn for utviklinga av spesialisthelsetenesta i Nordmøre og Romsdal. Samstundes vart det slått fast at ein måtte arbeide vidare med tanke på hurtigast mogeleg avklaring av tomtelokalisering, samt intensivere arbeidet med ei samla funksjonsfordeling i føretaket.

Helse Midt-Norge RHF følgde opp med å støtte saka og samstundes slå fast at det føreligg investeringsrammer for eit nytt akuttsjukehus i Nordmøre og Romsdal i 2018, gitt føresetnadane for langtidsbudsjettet i regionen.

Parallelt med at helseføretaket følgjer "veileder IS-1360 tidligfaseveileder i sykehusprosjekter", må det gjennomførast ein communal delplanprosess i aktuelle kommunar for plassering av det nye akuttsjukehuset.

I vedtaket frå styresak "2012/99 Utviklingsplan for Helse Møre og Romsdal HF" står det om geografisk avgrensing:

7. *Styret ønskjer no at føretaket skal gå inn i "idefasa" med eit geografiske område for det nye akuttsjukehuset for Nordmøre og Romsdal, plassert på aksen frå-og-med Hjelset til-og-med søre del av Frei. Styret har merka seg høyningsuttalane og faglege rapportar som understrekar fordelane ved eit bynært akuttsjukehus og føreset at det vert teke omsyn til desse vurderingane i det vidare arbeidet.*

Slik vedtaket er formulert, medfører dette at det nye akuttsjukehuset for Nordmøre og Romsdal vil kunne plasserast innafor ei av dei tre kommunane Gjemnes, Kristiansund og Molde.

---

<sup>1</sup> IS-1369 Tidligfaseplanlegging i sykehusprosjekter

Tiltakshavar for nytt akuttsjukehus er Helse Møre og Romsdal HF. Tiltakshavar ønskjer gjennom dette brevet å melde behov for oppstart av kommunal delplan i Gjemnes kommune, Kristiansund kommune og Molde kommune.

Møre og Romsdal fylkeskommune, ved Plan og analyseavdeling har på førespurnad frå tiltakshavar, stilt seg positive til å bidra i vidare arbeid med kommuneplanprosessane. Det vert grundigare orientert om dette i møtet.

Innkalling til oppstartmøte communal delplan for nytt akuttsjukehus i Nordmøre og Romsdal:

**Angvika Gamle Handelssted, tysdag 26. februar 2013, kl. 10:00 – 15:00.**

**Program:**

- 10:00 Velkommen og presentasjon
- 10:15 Gjennomgang status utviklingsplanen og tidlegfase for nytt akuttsjukehus
- 11:30 Lunsj
- 12:15 Tiltakshavar sine tomtespesifikasjoner
- 12:45 Orientering om kommuneplanprosess
- 14:30 Oppsummering

Ein er no i innleiande fase i det viktige arbeidet med nytt akuttsjukehus. Det er derfor ønskjeleg at kommunane er representert med både ordførar, rådmann og planleggjarar. Vi har teke høgde for fem personar frå kvar av kommunane, og to til tre representantar frå dei andre inviterte.

Av omsyn til praktisk planlegging, ber vi om at ein så snart som mogeleg melder på deltakarar med namn, og seinast innan måndag 11. februar 2013.

Påmelding til sekretariatet i Helse Møre og Romsdal, v. Hilde Amundsen Flø, på telefon 70 10 68 04, eller e-post: [hilde.amundsen.flo@helse-mr.no](mailto:hilde.amundsen.flo@helse-mr.no)

Vel møtt!

Vennleg helsing



Astrid J. Eidsvik  
adm.direktør

Espen Remme  
Strategi og utviklingssjef